



BKK AS

Postboks 7050
5020 BERGEN

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/114-3	Gjertrud Karevoll	18.05.2026

Detaljplan 132 kV Sandøy - Raunholmen og Raunholmen transformatorstasjon

Gulen kommune viser til detaljplan, versjon 1.2 datert 05.05.2026, utarbeidd av BKK AS for 132 kV kraftleidning Sandøy–Raunholmen og Raunholmen transformatorstasjon.

Vi legg til grunn at tiltaket er konsesjonsgitt av NVE. Sakshandsaming etter energilova § 3 er ikkje delegert frå kommunestyret. På grunn av tidspress knytt til vidare handsaming i NVE, er det difor utarbeidd ei administrativ uttale basert på tilgjengeleg dokumentasjon. Uttalen må reknast som førebels og kan verte supplert eller endra etter politisk handsaming i kommunestyret 17. juni 2026.

Planstatus, anna lovverk og kommuneplan

Raunholmen transformatorstasjon er planlagd innanfor areal regulert til industri/lager i reguleringsplan for Skipavika næringspark. Reguleringsplanen er vedteken, men påklaga. Vi legg til grunn at BKK og NVE tek omsyn til vidare handsaming av reguleringsplansaka, og at tiltaket er i samsvar med gjeldande planstatus. Det kan ikkje vere motstrid mellom reguleringsplan og kraftlinje eller transformatorstasjon, og eventuelle avvik må avklarast.

Vi meiner at detaljplanen bør gi ei tydelegare forklaring på den juridiske rolla planen har, og på forholdet mellom energilova og plan- og bygningslova. Kapittel 5.2 gir etter vår vurdering ikkje eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere tiltaket opp mot plan- og bygningslova og kommunen sine planar. Vi legg difor til grunn at dette vert supplert, slik at det kjem klart fram:

- korleis tiltaket forhold seg til gjeldande reguleringsplan og kommuneplan, og
- korleis eventuelle avvik skal handterast.

Gulen kommune arbeider samstundes med kommuneplanens arealdel. Vi ber om ei tydeleg avklaring frå BKK på om de meiner at tiltaket inneber varige restriksjonar for arealbruk som bør sikrast gjennom omsynssone i kommuneplanen. Vi ber også om ei vurdering av når i kommuneplanprosessen dette eventuelt bør skje. Dersom omsynssone er aktuelt, ber vi om at nødvendig kartgrunnlag (SOSI-fil) vert sendt kommunen.

Involvering

Detaljplanen gir lite informasjon om korleis kommunen er involvert i arbeidet. Vi legg til grunn at dette vert klargjort, til dømes gjennom ei kort skildring av korleis kommunen og andre relevante partar er involverte i tråd med konsesjonsvilkåra.

Arealinngrep og istandsetting

Vi vil understreke at også mindre inngrep, som mastepunkt, riggområde, mellombelse køyrespor og klausuleringsbelte, kan få verknader for landskap og landbruk. Inngrepa må avgrensast mest mogleg, og mellombelse areal skal setjast i stand og tilbakeførast på ein god og varig måte.

Framande artar

Det er positivt at detaljplanen omtalar sitkagran og tiltak for handtering av framande artar. Samstundes meiner vi at dette må sjåast som eit langsiktig ansvar, særleg av omsyn til kystlyngheia nord for traseen.

Vi ber om at:

- oppfølging etter fjerning av framande artar vert gjort bindande i detaljplanen,
- det vert gjennomført årleg kontroll dei første åra etter anleggsarbeidet, og
- vidare oppfølging skjer som del av ordinær rydding og vedlikehald av traseen og omsynssona.

Oppdatert kartlegging av framande artar må sendast kommunen før anleggsstart.

Oppsummering

Med dei merknadene som går fram ovanfor, har Gulen kommune – på administrativt nivå – ikkje ytterlegare innvendingar til detaljplanen slik han ligg føre no. Vi legg til grunn at merknadene vert følgde opp i vidare prosjektering og gjennomføring av tiltaket.

Uttalen er førebels og vert gitt med atterhald om politisk handsaming, og kan verte endra eller supplert av kommunestyret 17. juni 2026. Dersom det skjer vesentlege endringar i tiltaket eller planføresetnadene, føreset vi at saka vert lagt fram for ny vurdering.

Med helsing

Gjertrud Karevoll
Plansjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje handskriven signatur

Bruk gjerne eDialog for å svare oss på dette brevet. Oppgi referansenummer 2026/114. Les meir om eDialog på <https://gulen.kommune.no/article/kontakt-oss>

Kopi til:

PER IVAR TROLLNES TAUTRA

Kopi til internmottakar:

Tommy Andre Haveland